

Næringshageprogram - Reiseliv

Sunnfjord Utvikling AS kan no saman med Sognefjord Næringshage, Næringshagane i Nordfjord, og Kunnskapsparken, tilby reiselivsbedrifter å delta i «Næringshageprogram for Reiselivsbedrifter».

Næringshageprogrammet inneheld både rådgjeving, nettverksaktivitetar, og tilgang på kompetanse for å utvikle bedrifta. Gjennom programmet får bedrifta hjelp av ekstern rådgjevar til å gå gjennom verksemda og legge ein plan for vekst og utvikling som kan inneheld ulike tiltak innan områda Forretningsutvikling, rådgjeving, kompetanseheving, planlegging av utviklingsaktivitetar, prosess og prosjektleiing. Bedriftene sjølv vel omfanget av programmet.

Målbedriftsavgift 1	kr. 5.000,00
Målbedriftsavgift 2	kr.10.000,00
Målbedriftsavgift 3	kr.20.000,00
Målbedriftsavgift 4	kr.30.000,00
Målbedriftsavgift 5	kr.50.000,00

	Individuell avtale	Målbedrifts-avgift 4	Målbedrifts-avgift 3	Målbedrifts-avgift 2	Målbedrifts-avgift 1
Pris	50000 +	30 000	20 000	10 000	5 000
Nettverksaktivitetar	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Studietur	Ja	Ja	Ja	Ja	Full pris
Kurs	Ja	Ja	Ja	Ja	Full pris
Timar prosjekt og rådgjeving (inntil)	100	60	40	10	3
Timepris utover avtale	Etter avtale	Etter avtale	Etter avtale	Etter avtale	Etter avtale
Møterom Førde	15 dagar	15 dagar	10 dagar	5 dagar	Nei
Kontorpult Førde	15 dagar	15 dagar	10 dagar	5 dagar	2 dagar
Målbedriftsamtale	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja

**For 2020 vil det være rabberterte prisar på grunn av Covid-19. Prisane over er ordinære prisar.*

Gjennom programperioden vil det også være mulig å delta i ulike nettverksaktivitetar av ulikt omfang (Seminar, samlingar og studieturar).

Programmet går over minimum 2 år. Dette fordi rådgivinga og arbeidet som skal gjennomførast krev langsiktige rammer.

Dersom dette er av interesse for bedrifta vil vi gjerne invitere til eit møte der vi går gjennom programmet meir i detalj og de kan få svar på det som er uklart før ein eventuelt takkar ja og set i gang prosessen.